

Spørsmål til fylkestinget onsdag 4. mars 2020

1. Sigrid Brattabø Handegard (Sp): Realisering av Bømlo havn

«Realisering av Bømlo havn

01.01.20 overtok Vestland fylke ansvar for 99 fiskerihavner frå staten. Med denne oppgåva følgde det ikkje med naudsynt finansiering. Vidare merkar me oss at fylka nord for Vestland har valt å ikkje overta fiskerihavnene, akkurat på grunn av manglande finansiering frå regjeringa (H, Frp, Krf og V), NrK 27.01.20.

Kysten og dei marine ressursane er viktig for framtidig verdiskaping og velferd både lokalt, regionalt og nasjonalt.

20.02.20 inviterte Bømlo fiskerihavn AS fylkeskommunen til synfaring og orientering om prosjektet. I tillegg til sjølve moloen skal det leggjast til rette eit næringsareal som vil vera viktig for framtidig utvikling med grøn vekst i den blå åkeren. Personane bak Bømlo fiskerihavn AS var utolmodige etter å starta opp. Dei synte eit imponerande samfunnsutviklarengasjement! Reguleringsplan for området var godkjent i 2013.

Havna er prioritert i Nasjonal Transportplan i perioden 2024-29. Dei har fått avslag i desember 2019 på statleg garanti for å kunna starta opp bygginga no.

Vestland fylke har ei viktig rolle som samfunnsutviklar saman med næringslivet.

Mitt spørsmål til fylkesordføraren er : Vil fylkesordføraren ta initiativ til å samla stat, fylke, Bømlo kommune og Bømlo havn AS til eit felles møte for å drøfta moglege løysingar slik at utbygging og realisering av Bømlo havn med næringsareal kan starte snarast råd?»